



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Stryn vidaregåande skule

Stryn vidaregåande skule

For deg som vil litt meir



www.stryn.vgs.no

Stryn vidaregåande skule



Stryn vidaregåande skule ligg midt i sentrum i tettstaden Stryn inst i Nordfjord og har om lag 300 elevar og 63 tilsette.

Stryn vidaregåande skule er ein kombinert skule med utdanningar innan:

- bygg- og anleggsteknikk
- helse- og oppvekstfag
- service og samferdsel
- studiespesialisering
- studiespesialisering med idrett

Skulen er moderne og framtidsretta med velutstyrte undervisningslokale. Stryn vidaregåande skule har særleg godt samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv. Derfor er det svært naturleg for oss å knyte saman teori og praksis i elevane sin undervisningskvardag. Slik imøtekjem skulen næringslivet sitt behov for lærlingar og faglært arbeidskraft.

Trivsel i skulekvardagen

På Stryn vidaregåande skule jobbar vi kontinuerleg med å utvikle trivsel og eit godt læringsmiljø, blant anna ved å styrke banda mellom elevar og tilsette, og ved å styrke elevane si deltaking, meistring og motivasjon. Eit ledd i dette er "Drømmeskolen". Tiltaksmodellen omfattar heile skulen, og er utvikla for å jobbe systematisk med å

skape eit læringsmiljø der elevane opplever å bli sett, får brukt ressursane sine og der den psykiske helsa til den enkelte elev vert fremja.

På resultattoppen

Saman med dei andre skulane i Sogn og Fjordane leverer Stryn vidaregåande sær gode eksamensresultat, i følgje nasjonal statistikk. Dei gode eksamenskarakterane viser at vi har dyktige tilsette som saman med elevane lukkast med å nå læringsmåla sine.

For ein positiv og produktiv skulekvardag

Stryn vidaregåande skule er for deg som vil litt meir!

Våre verdier:

S: Samarbeid

T: Trivsel

R: Resultat

Y: Yrkesretting

N: Nytenking



Stort engasjement blant elevane under "Rosa dag" 2016 til inntekt for Brystkreftsa.

EN AV SOGN OG FJORDANES STØRSTE RØRLEGGJERBEDRIFTER



• VARME • VANN OG SANITÆRANLEGG • HUS • HYTTER OG HOTELL
• GRUNNARBEID • BETONG • EGEN HUSQVARNA SKOG OG HAGE AVDELING
• KELLFRI LANDBRUKSUTSTYR

HOVEDKONTOR I STRYN - UNDERAVDELING PÅ NORDFJORDEID - TOTALT 16 ANSATTE

Comfort STRYN www.kravik.no

Postboks 170, 6781 Stryn · Tlf 57 87 14 88 · kristian@kravik.no

Budd for vidare studiar



Stryn vidaregåande skule har to parallellklassar innanfor studiespesialisering, kvar med 30 elevar.

På **Vg1** er det berre fellesfag (obligatoriske fag).

På **Vg2** og **Vg3** kan du velje halvparten av timane sjølv. Du kan velje minst tre programfag kvart år.

To av faga må være innan programområdet for realfag eller for språk, samfunnsfag og økonomi, og desse faga har du i to år. Som valfritt programfag kan du også velje toppidrett eller breiddeidrett.

Vg1 Studiespesialisering

Vg1 Studiespesialisering med toppidrett

I samarbeid med fylkeskommunen har Stryn vgs tilbod om toppidrett innan skiskyting.

Etter 3 år har du lagt eit solid grunnlag for å studere vidare ved høgskule eller universitet, både i Noreg og i utlandet. På Stryn vidaregåande skule ønskjer vi å førebu deg best muleg for vidare studium.

Vg2 / Vg3 Realfag

Vg2 / Vg3 Samfunnsfag, økonomi og språk

BYGGOPP er lærlingen og bedrifta
sitt naturlige første val i
bygg- og anleggstudanninga

BYGGOPP 
Opplæringskontoret for Bygg- og Anleggsteknikk
SOGN OG FJORDANE

Tlf. 57 82 92 50 • E-post: nilsarne@byggopp.no • www.byggopp.no

 **Stryn Betongelement as**

Byggeplaner?

Vi leverer betongelement av høg kvalitet til dei fleste byggeformål innan industri, landbruk og privat sektor. Betongelement betyr kvalitet, kort byggetid og svært lite vedlikehold.

Produkteksempel:

- Fasadeelement
- Grunnmurelement
- Søyler og bjelkar
- Dekke
- Fjøs-element og gjødsellager
- Bruer etc.

Sjå vår heimeside for meir info - www.strynbetongelement.no
6789 Loen • Tlf. 57 87 36 60



Studiespesialisering med toppidrett

Stryn vidaregåande skule satsar på idrett og idrettsungdom. Gjennom samarbeid med Stryn fotball, Stryn kommune, Stryn handball og Spissa toppidrettsmidlar frå fylkeskommunen, tilbyr vi ei unik satsing kombinert med studiespesialisering.

Timeplanen er tilpassa slik at det er gjort rom for idrettssatsinga i skuletida. Fire dagar i veka er det lagt til rette for at elevane kan få fysisk aktivitet.

Elevane kan velje mellom:

- **Breiddeidrett**
- **Toppidrett handball**
- **Toppidrett fotball**
- **Toppidrett ski**

Gjennom 3 år får du eit solid grunnlag for å studere vidare ved høgskule eller universitet, både i Noreg og i utlandet. På Stryn vidaregåande skule ønskjer vi å førebu elevane best muleg for vidare studium.

Yrkesfag med næringslivet på lag

For å gje deg eit yrkesfagleg tilbod som endar i jobben du ønskjer, har Stryn vidaregåande skule utvikla eit særleg godt samarbeid med lokalt næringsliv.

Bygg- og anleggsteknikk:

speglar spennet mellom elevane sine ønskje om lærefag og næringslivet sitt behov for lærlingar og faglært arbeidskraft. Gjennom skuleåret har elevane opptil ti veker arbeidspraksis i lokale og regionale bedrifter, eller bedrifter som utfører oppdrag lokalt.

Helse- og oppvekstfag:

legg grunnlag for arbeid med menneske i alle livssituasjonar. Gjennom opplæringa i skule får elevane utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor kommunikasjon og samhandling, helsefremjande arbeid og ulike typar sjukdommar.

Service og samferdsel:

gir ei allsidig utdanning som opnar for ei rekke spennande karrieremulegheiter. Gjennom opplæring på skule og ti veker opplæring i bedrift får elevane ein smakebit av heile åtte yrke.



BYGGtorget

STRYN TRELAST AS

Besøksadresse:

Grandevegen 4, 6783 STRYN


Telefon: 57 87 16 80 / Faks.: 57 87 20 80

E-post: stryn@btkjeden.no

Vi forhandler:

- Hus, hytter og garasjer
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

Våre åpningstider: Hverdager: 08:00-16:30 • Lørdager: 10:00-14:00



Bygg og anlegg

Opplæringa i Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule siktar mot kvalitet og relevans. For å lukkast samarbeider vi tett med bedrifter, blant anna for å sikre elevane praksis i lokale og regionale bedrifter, eller bedrifter som utfører oppdrag lokalt.

Gjennom grunnleggjande opplæring i skule, og mengdetrening i bedrift, vert det lagt eit godt og solid grunnlag for vidare læretid og fagbrev. Etter fullført fagbrev opnar vegane seg vidare til fagskule og ingeniørstudie. Bransjen er heilt klar på at ingeniørar med fagbrev innan bygg- og anleggsfaga er dei mest attraktive og dyktigaste byggingeniørane når dei skal rekruttere medarbeidarar til si verksemd.

Stryn vidaregåande skule deltek i eit 4-årig prosjekt i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, der oppdraget er å prøve ut nye opplæringsmodellar innan Bygg- og anleggsteknikk.

Bygg- og anleggsteknikk er eit godt val om du har praktisk sans, er

nøyaktig og har eit godt handlag.

Skulen tilbyr følgjande programområde innanfor Bygg- og anleggsteknikk:

- **Vg1 Bygg- og anleggsteknikk**
- **Vg2 Byggteknikk**

Yrkesfagleg opplæring fører fram til eit yrke og gir yrkeskompetanse med eller utan fag- eller sveinebrev. Du kan gå ut i yrkeslivet etter 3-5 år, eller du kan ta vidare utdanning, t.d. ved fagskule. Du kan også ta påbygging til generell studiekompetanse om du vil studere vidare ved høgskule eller universitet.



HS BYGG
WWW.HS-BYGG.NO

LÆRLING I HS

HS Bygg er opptekne av å rekruttere ungdom til byggebransjen. Difor samarbeider vi tett med Stryn Vidaregåande Skule og ByggOpp, slik at vi kan tilby lærlingplassar, arbeidspraksis og utplassering.

For meir informasjon, ta kontakt med Jørn Hilde på telefon 911 03 108 eller jorn@hs-bygg.no



Helse- og oppvekstfag

Opplæringa på Helse- og oppvekstfag ved Stryn vidaregåande skule legg grunnlag for arbeid med menneske i alle livssituasjonar. Gjennom opplæringa i skulen får elevane utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor kommunikasjon og samhandling, helsefremjande arbeid og ulike typar sjukdommar.

Det er stort behov for fagkompetanse innan helsearbeidarfaget. Stryn vidaregåande skule har avtale med Stryn og Hornindal kommunar om arbeidspraksis for elevane. Intensjonen med avtalen er å imøtekomme kommunane sitt behov for lærlingar og fagkompetanse.

Stryn og Eid vidaregåande skular har gjennom eit felles prosjekt bygd opp og utstyrt ei framtidretta og moderne opplæringsleilegheit innan omsorgsteknologi. Målet med opplæringsleilegheita er å

førebu elevar, lærlingar, tilsette i kommunane, pårørande og brukarar på kva kunnskap og ferdigheiter som vert forventa av framtidens helsefagarbeidar.

Læretid og fagbrev innan Helsearbeidarfaget legg grunnlag for vidare og høgare utdanning. Dette opnar vegane til andre yrke som sjukepleiar, fysioterapeut, velferdsteknolog og ei rekkje andre yrke innan helse- og sosialtenesta.



Stryn
kommune

Har du lyst til å bli lærling?

Vi vil utvikling
www.stryn.kommune.no



Start karrieren med
fagbrev hos oss!

Service og samferdsel

Service og samferdsel legg grunnlag for ei trygg og allsidig utdanning som opnar for ei rekke spennande karrieremulegheiter.

Gjennom grunnleggjande opplæring på skule og ti veker opplæring i bedrift får elevane ein smakebit av heile åtte yrke. Yrke der service, effektivitet, nøyaktigheit, ansvar og tillit står i høgsetet, anten du er vektar eller seljar, arbeider med reiseliv eller med logistikk.

Evna til å kommunisere med menneske – også frå andre kulturar – er viktig å tileigne seg. Med utdanning innan Service og samferdsel tileignar elevane seg ein brei horisont med kompetanse som gjer dei attraktive, ikkje berre i Noreg, men faktisk i heile verda.

Skulen tilbyr følgjande programområde innanfor Service og samferdsel:

Vg1 Service og samferdsel

Vg2 Reiseliv

Studiet er lagt opp til at du sjølv vel vegen mens du går. I løpet av Vg1 får du ein innblikk i åtte yrke. På Vg2 kan du velje retning, og på Vg3 spesialisere du deg. Slik unngår du å hoppe i noko du ikkje riktig veit kva er, og du kan være sikker på å ende opp som spesialist i ditt fagområde etter fullført utdanning. Dersom du ønskjer vidare eller høgare utdanning ligg dei fleste mulegheiter opne til attraktive yrke innan reiseliv, internasjonal business, økonomiske studie, politiutdanning, eller du kan starte di eiga verksemd.

Vg2 Sal, service og sikkerheit

Vg2 Transport og logistikk



Transferd

- Heile vegen med Transferd
www.transferd.no

Hovedkontor, Førde • Storehagen 4, Postboks 204, 6802 Førde • Tlf. 57 72 50 00
Avdelingar: Stryn - Tlf. 57 87 46 20 • Kaupanger - Tlf. 57 67 56 10

ALEXANDRA Hotel Alexandra i Loen

- 200 komfortable rom
- Restaurantar, bar, nattklubb
- Stor kongressavdeling
- Via Ferrata til Hoven (1011 moh)
- Sykkel- og båtutleige

Alexandra Bad & SPA
Spa-avdeling med eit stort utval av herlege behandlingar!
Alexandra Bad med fleire basseng inne og ute. Barnebasseng.

Hotel Alexandra, 6789 Loen Tlf: 57 87 50 00
www.alexandra.no



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Stryn vidaregåande skule



www.stryn.vgs.no

Telefon 57 63 86 00

Hegrevegen 1, 6783 Stryn

Postadresse:

Postboks 158, 6781 Stryn

Facebook: www.facebook.com/StrynVidaregaandeSkule